

Notat

Frå: Fylkesrådmannen
Til: Fylkesutvalet, møte 11. juni 2018

Status på søknad frå Årdal Utvikling AS – Prosjekt SITEP

Fylkesrådmannen syner til orientering kring prosjekt SITEP på politikardagen 30. mai 2018 der det vart gjort greie for prosjektet i Årdal.

Eg syner og til møte i fylkesutvalet 31. mai det vart gjort slikt vedtak:

«Fylkesutvalet ser positivt på prosjektet til SITEP AS i Årdal og deira søknad og varsla søknad om støtte. Fylkesutvalet ber om at desse søknadane vert handsama og lagt fram for handsaming til møte i fylkestinget i juni i sak om tertialrapport».

Fylkeskommunen har motteke 2 søknadar frå Årdal Utvikling. Det er motteke ein søknad om tilskot til etablerings- og utviklingsstøtte (datert 28.05.2018) og ein søknad om tilskot til investeringar (datert 04.06.2018), begge retta mot prosjekt SITEP. Søknadar frå Årdal Utvikling, samt vedlegg, ligg ved dette notatet.

På oppdrag frå Sogn og Fjordane fylkeskommune har Kluge Advokatfirma AS no gjort ei vurdering av kva handlingsrom fylkeskommunen har for å yte støtte til prosjektet innanfor regelverket for statsstøtte, med omsyn til begge desse søknadane. Notat frå Kluge Advokatfirma AS ligg ved dette notatet, til FU si orientering.

På bakgrunn av notatet frå Kluge Advokatfirma AS har fylkesrådmannen funne det naudsynt å be Søkjar/Årdal Utvikling klårgjere søknadane kring prosjekt SITEP – på nokre punkt. Dette vil skjje med det første, truleg ved at vi tek eit møte med Årdal utvikling – etter at også dei har fått sett seg inn i Kluge sine vurderingar.

Dette gjer at fylkesrådmannen pr. dato (7.06.18) ikkje finn det forsvarleg å leggje til rette for at FU i sitt møte 11. juni 2018 kan følgje opp eige vedtak av 31. mai 2018. Fylkesrådmannen reknar likevel med å kunne kome tilbake til saka – om ikkje lenge. Dette til FU si orientering.

Vedlegg:

1. Søknad om tilskot, etablering og utviklingsprosjekt SITEP AS
2. Søknad om tilskot, investering etablering av øvingsfabrikk SITEP AS
3. Forretningsplan SITEP AS, senter for innovasjon, teknologi og prosess

4. Prosjektplan etablering og utvikling SITEP AS
5. Brev frå Årdal Utvikling om prosjekt og søknadar
6. Presentasjon politikardag 30. mai 2018
7. Notat frå Kluge Advokatfirma AS – støtterettslege spørsmål